

Kommunal og moderniseringsdepartementet
Postmottak@kmd.dep.no

Vår referanse.
2017/3

Deres referanse:
17/3624-12

Dato:
31.01.18

Høyringsuttale – forskrift for Merkur -programmet

Viser til tilsendt forskrift om tilskot fra Merkur-programmet. Distriktsenteret har følgjande uttale til forskrifta.

Distriktsenteret vurdera forskrifta til å vere klart og lefftatteleg skreve og at den saman med utfyllande merknader vil kunne fungere som ei god rettleiing for potensielle søkerar til Merkur-programmet.

Distriktsenteret har følgjande merknader og kommentarar til forskrifta:

Under § 1 Mål, ser vi at målet for Merkur-programmet ikkje fullt ut samsvarar med det som i oppdragsbrev til Mentor AS, datert 19. desember 2017, er beskrive som hovudmål for Merkur-programmet. I sistnemnde dokument er det mellom anna satt som mål at «Merkur-programmet skal bidra til å styrke den butikkfaglege kompetansen og butikken si stilling i lokalsamfunnet».


Distriktsenteret meiner det er viktig å få fram koplinga til lokalsamfunnet og ønskjer at nemnte sitat blir vurdert teke med i målparagrafen eller utdjupa under utfyllande merknader.

Under §2, bokstav e), står det at det ikkje er mogleg å søkje utviklingstilskot og servicetilskot samtidig. Kva legg ein i ordet samtidig? Snakkar ein her om ein og same søknad eller snakkar ein om eit gitt tidsrom?

Under § 4, bokstav g) og h) skil ein mellom forventa resultat og forventa verknad. Distriktsenteret ser at dette er i tråd med tankegangen for mål- og resultatkjeda der ein skil mellom brukareffekt og samfunnseffekt.. Vi stiller spørsmål ved om søker i sin rapportering har bakgrunn for å skilje mellom innhaldet i bokstav g) og h), og om det er mogeleg for søker å kunne seie noko om samfunnseffektar. Distriktsenteret meiner det her bør utdjupast kva ein legg i dei to rapporteringspunktta.

Under § 11, første setning, står det «...får tilskot med inntil 75 prosent....» Distriktsenteret reknar med at det skal stå *kan* få tilskot med inntil 75 prosent

Kapittel 5 omhandlar investeringstilskot til drivstoffanlegg i tilknyting til daglegvarebutikkar. Distriktsenteret stiller spørsmål ved om forskrifta på dette punktet er i samsvar med politikk og satsing knyta til etablering av ladestasjonar for el bilar og liknande.

Med helsing

Steinar Fredheim
Avdelingsleiar